



Arkivnr: 2015/1160-4

Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2015

Avtale om kjøp av bokbåteneste for Hordaland og Møre og Romsdal

I samband med at Sogn og Fjordane avviklar bokbåtenesta frå 01.09.2015 vedtok fylkestinget i mars at drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal og at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på årleg forlenging innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggjast fram for fylkesutvalet til vedtak.

Etter drøftingar med bokbåteigar har Møre og Romsdal laga framlegg til avtale på 3 år med opsjon på forlenging på eit år. Avtalen har 6 månaders oppseiingstid. Fylkesrådmannen stør synet til innkjøpsansvarleg i Møre og Romsdal om at det ikkje betyr noko i praksis at avtalen er 3+1 år, kontra 1+1+1+1, når det er 6 månaders oppseiingstid.

Hordaland fylkeskommune sin berekna støtte til bokbåten vil i 2016 vere på MNOK 1.440.- Sjølv om det nå vert inngått ny avtale med bokbåten, vil fylkesrådmannen vurdere vidareføring i samband med budsjett 2016.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner framlegg til rammeavtale om kjøp av bokbåteneste for Hordaland og Møre og Romsdal.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.07.2015

I samband med at Sogn og Fjordane avviklar bokbåtenesta i fylket frå 01.09.2015 vedtok fylkestinget i mars (SAK 12/2015):

1. Drift av bokbåten i Hordaland skal halde fram i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune frå 01.09.2015. Kostnadsauke for 2015 skal dekkjast innanfor vedtekne budsjett innan Bibliotek (740). Årleg kostnad for bokbåten vert handsama i samband med budsjett og økonomiplan.
2. Fylkestinget vedtek at det kan inngåast ein årleg avtale med bokbåteigar, med opsjon på forlenging årleg innan ei ramme på 3 år. Leigeavtalen skal innehalde eit punkt om oppseiing med 6 månaders frist. Avtalen skal leggast fram for fylkesutvalet til vedtak.

Etter drøfting med bokbåteigar har innkjøpsavdelinga i Møre og Romsdal på vegne av Hordaland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune utforma framlegg til rammeavtale mellom Vinnes skyssbåtservise AS og dei to fylka. Framlegget er vedlagt.

Avtaleperiode og oppseiing (pkt. 2.4 i avtalen)

Avtalen gjeld frå 1.09.2015 t.o.m. 31.08.2018 og kan forlengast med eitt år. I avtaleperioden har partane gjensidig oppseiingsfrist på seks månader.

Bokbåteigar har gitt tilbakemelding om at 1-års kontraktar gir ein lite føreseieleg driftssituasjon, og at han vurderer å fokusere meir på turisttransport framfor å levere bokbåteneste, dersom fylka står steilt på 1-års kontrakt med opsjon i ytterligere 3 år (1+1+1+1).

Innkjøpsansvarleg i Møre og Romsdal meiner at det ikkje betyr noko i praksis at avtalen er 3+1 år, kontra 1+1+1+1, når det er 6 månaders oppseiingstid, men at det ut frå tilbakemeldingane frå leverandøren er fornuftig å ha ein 3+1 avtale.

Budsjett for utgiftene til leige av bokbåten 2014 – 2016

Budsjett:		2014	2015	2016
2013-14-pris	14230 per døgn	327 290		
2014-15- pris:	14980 per døgn	344 540	344 540	
2015-16-pris:	17950 per døgn		412 850	825 700
2013-14-pris	210 per pers	17 640		
2014-15- pris:	240 per pers	20 160	20 160	
2015-16-pris	280 per pers		23 520	47 040
Totalt budsjett:		709 630	801 070	872 740
Rekneskap:		700 600		

Hordaland fylkeskommune sin berekna støtte til bokbåten vil i 2016 vere på MNOK 1.440.- Sjølv om det nå vert inngått ny avtale med bokbåten, vil fylkesrådmannen vurdere vidareføring i samband med budsjett 2016.

Konklusjon

Fylkesrådmannen stør synet til Møre og Romsdal om at det ikkje betyr noko i praksis at avtalen er 3+1 år kontra 1+1+1+1, når det er 6 månaders oppseiingstid – og tilrår at vedlagte avtale vert vedteken.

